

Alver kommune

(Ref dykkar saksnr. 20/15960)

SØKNAD OM BYGGELOVVE FOR PARKERINGSPLASSAR OG LOVLEGGJERING AV OPPGRADERT
GARDSVEG

Søknad om byggeløyve for 4 parkeringsplassar for hytteeigedomane på gnr 84 Kvalvågnes, bnr 19, 20, 25 og 26 og lovleggjering av oppgradert gardsveg som også kan nyttast som tilkomstveg for parkeringsplass for bnr. 25.

Situasjonsplanen for hyttefeltet frå 1977 (vedlegg 2) er gjeldande plan for bygging av parkeringsplassar og tilkomstveg for gnr. 25 og må leggjast til grunn for sakshandsaminga i denne søknaden. Dette har me dokumentert i eit eige notat som vedlegg til søknaden (sjå vedlegg 1 med vedlegga 1A-F).

I dag er det ingen parkeringsplassar i dette området som grunneigar godkjenner til bruk for hyttene. Det som er markert med blått som «parkeringsplass» i sak 20/15960 er berre rekna som snuplass og gardsveg. Nokon endeleg løysing med parkering etter at hyttene vart bygde og vegen kom fram vart det aldri noko av.

Situasjonsplanen for hyttefeltet frå 1977 (vedlegg 2) viser 4 parkeringsplassar på vestsida av tilkomstvegen, om lag 15 meter frå sjøen. Dette er ein ulagleg plass å byggja parkeringsplassar. Terrenget er sterkt skrånande og plassen og dei parkerte bilane vil vera svært synlege frå Mikkelsvågen. Me søker difor om løyve til å flytta plassane til den staden som er markert på dei vedlagde karta (sjå vedlegg 3-6). Ytterkanten på plassen vil då liggja om lag 30 m frå sjøen og vil vera langt meir avskjerma for innsyn. Tre av plassane er alt opparbeidde, men kravd tilbakeført fordi det ikkje var søkt om godkjenning (sjå Alver kommune sak 20/15960). Det er gjeve avkøyringsløyve frå kommunal veg som er ca 1 km unna for bnr. 19, 20, 25 og 26.

Situasjonsplanen (vedlegg 2) viser også den gamle gardsvegen som fører fram mot tomta til bnr. 25. Her er det oppgradert ein gardsveg som det ikkje er søkt godkjenning for (sjå Alver kommune sak 20/15960). Den gamle gardsvegen er også teikna inn på skisse som følgde med skylddelinga på bnr. 25 i 1976 (vedlegg 8) Skøytet på bnr. 25 viser også at eigar av bnr. 25 har vegrett på denne gardsvegen. Me søker difor om at oppgraderinga av denne vegen vert lovleggjort (sjå også kart vedlegg 3-5).

Grunneigar har godkjent tiltaket (sjå Nabovarsel, vedlegg 10-11)

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett er vedlagt (vedlegg 7)

Nabovarsel er også vedlagt (vedlegg 10-11)

For eigarane av gnr. 84, bnr. 19, 20, 25 og 26

John Ragnar Myking
John Ragnar Myking

16 vedlegg:

Vedlegg 1 med undervelegg 1A-F, Vedlegg 2- 11